

Sakshandsamar: Gøsta Hagenlund  
Telefon: 57 64 31 21  
E-post fmsfgh@fylkesmannen.no

Vår dato  
2.12.2014

Vår referanse  
14/4410  
Rapportnummer  
2014.001.U.FMSF

Tenden Container og Gjenvinning as  
Stryn miljøpark  
6783 Stryn

## Tilsyn ved Tenden Container og Gjenvinning as, Stryn miljøpark - krav om retting av avvik – gebyr

Rapporten omhandlar funn som kontrolløren kunne observere eller på annan måte fekk kjennskap til under tilsynet. Funn vert omtalt som *avvik* frå krav i ureiningslova med forskrifter, *merknader* om forbetringpunkt eller *andre forhold* som kan vere viktig å omtale nærare. Rapporten omtalar også vedtak om kontrollgebyr.

Tilstades under kontrollen Frå verksemda: Per Ole Tenden, Olav Tenden og Dan Bøe	Frå miljøvernavdelinga hos Fylkesmannen: Gøsta Hagenlund
<p>Desse hovudtema vart kontrollert:</p> <p><input type="checkbox"/> Internkontroll (ytre miljø)</p> <p><input type="checkbox"/> Risikovurdering</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Utslepp til luft eller vatn</p> <p><input type="checkbox"/> Støy</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Løyvet med vilkår</p> <p><input type="checkbox"/> Forskriftskrav</p> <p><input type="checkbox"/> Anna:</p>	<p><input checked="" type="checkbox"/> Avfallshandtering ordinært avfall</p> <p><input type="checkbox"/> Handtering av farleg avfall (merking, emballering, mellomlagring, levering)</p> <p><input type="checkbox"/> Handtering av kjemikal (klassifisering, merking, emballering)</p> <p><input type="checkbox"/> Sikkerhetsdatablad</p> <p><input type="checkbox"/> Substitusjon</p>
<p>Bakgrunn for kontrollen:</p> <p><input type="checkbox"/> Frekvensbasert inspeksjon</p> <p><input type="checkbox"/> Frekvensbasert revisjon</p> <p><input type="checkbox"/> Kontrollaksjon</p> <p><input type="checkbox"/> Ny verksemd (ikkje kontrollert før)</p> <p><input type="checkbox"/> Nytt løyve (ikkje kontrollert før)</p>	<p><input type="checkbox"/> Oppfølging av eigenrapport</p> <p><input checked="" type="checkbox"/> Oppfølging av klage/hending/tips</p> <p><input type="checkbox"/> Oppfølging av siste kontroll</p> <p><input type="checkbox"/> Kartlegging</p> <p><input type="checkbox"/> Anna:</p>

### Hovudfunn frå kontrollen

Det vart påvist 3 avvik frå ureiningsregelverket. Melding om retting av avvik må vere send til Fylkesmannen innan 1.2.15.

Rapporten vert vurdert som endeleg dersom vi ikkje får tilbakemelding om faktiske feil eller mistydingar innan to veker etter at rapporten er motteken. Kontrollgebyret vert då send frå Miljødirektoratet for innbetaling til staten.

Med helsing

Gøsta Hagenlund  
ass. fylkesmiljøvernsjef

Grete Haugan  
senioringeniør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift*

Kopi av rapporten vert sendt til:

Stryn kommune

Nomil iks

Svarstad og Faleide vel, ved Sissel Karin Svarstad, Svarstad, 6783 Stryn  
Fylkesmannen i Møre og Romsdal

### 1. Informasjon om verksemda:

Namn på anlegg: <b>Tenden Container og Gjenvinning as</b>	Verksemdnr.: <b>976 505 328</b> Eigd av: <b>976 484 770</b>
Stad og kommune: <b>Svarstad, Stryn miljøpark, Stryn</b>	Kontrolldato: <b>27.11.2014</b>
Postadresse: <b>Stryn Miljøpark, 6783 Stryn</b>	Løyvedato og internt nr.: <b>6.1.12</b> <b>2005.043.T og 2001.182.T</b>
Risikoklasse: <b>3</b>	<input checked="" type="checkbox"/> ISO 14001-sertifisert <input type="checkbox"/> EMAS-registrert

### 2. Om kontroll frå ureiningstilsynet

Kontrollen vart gjennomført som eit avgrensa, hendingsbasert tilsyn for å granske om gjeldande krav for handtering av ordinært avfall vert haldne. Kontrollen vart gjennomført ved samtale med leiing og sentralt plasserte personar i organisasjonen, og ved synfaring av delar av anlegget.

Rapporten inneheld omtale av avvik innan dei granska områda av ureiningsregelverket der Fylkesmannen har tilsynsansvar. Vi vil gjere merksam på at ikkje *alle* sider av verksemda som kan ha noko å seie for ytre miljø vart granska ved kontrollen. Verksemda må sjølv aktivt utøve internkontroll, avdekkje feil og manglar og iverksetje nødvendige tiltak.

#### Definisjonar

<b>Avvik</b>	Brot på krav som er fastsett i eller med heimel i helse-, miljø, og tryggleikslovgivinga. (Døme er brot på krav i ureiningslova eller produktkontrolllova, forskrifter til lovene, utsleppsløyve, og verksemda sine eigne rutinar som er nødvendige for å støtte styresmaktene sine krav.)
--------------	--

Vi gjer merksam på at ein kan finne oversikt over miljøloverket på [www.lovdatab.no](http://www.lovdatab.no) eller vist til frå [www.miljodirektoratet.no](http://www.miljodirektoratet.no) (sjå under *regelverk*). Dei viktigaste HMS-krava finn ein på nettstaden [www.regelhjelp.no](http://www.regelhjelp.no). Reglane om gebyrinnkrevjing finn ein under kap. 39 i ureiningsforskrifta.

### 3. Oppfølging etter kontrollen

Verksemda pliktar å rette opp avvika som er omtalt i rapporten så snart som råd. For å kunne kontrollere at avvika er retta opp, ber vi om at verksemda skriftleg melder attende at tilhøve er kome i orden, og at ein gjer greie for dei gjennomførte tiltaka innan **1.februar 2015**.

Fylkesmannen ventar at verksemda legg ved dokumentasjon på gjennomførte tiltak. Fysiske endringar bør dokumenterast med foto. Dersom de meiner at det ikkje let seg gjere å rette opp avvika innan den nemnde datoen, må de skriftleg gjere greie for årsaka *før* fristen for attendemelding.

#### Orientering om tvangsmulkt

Dersom verksemda innan tidsfristen ikkje kan dokumentere at tiltak i høve til dei omtalte avvika er i verk sett, kan Fylkesmannen vedta tvangsmulkt til staten. Vedtak om tvangsmulkt vert nytta for å sikre gjennomføring av tiltak, og vi ønskjer å unngå å måtte be om inndrivning av forfallen tvangsmulkt.

### Varsel om endra krav

Gjeldande krav til mellomlagringstid for ikkje-fråsortert avfall er ei arbeidsveke. Det er ikkje direkte sett krav til lagring under tak eller i tett container.

Fylkesmannen varslar med dette at vi vil vurdere å endre vilkår i løyvet som gjeld mottak og handtering av avfall som inneheld lett nedbrytbart organisk stoff. Utgangspunkt for endra vilkår vil vere "forbod mot utandørs lagring" og/eller innskjerping av tid for omlasting.

Verksemnda kan i si tilbakemelding kome med framlegg om andre tiltak for å redusere luktpotensialet.

### **4. Gebyr for kontroll med verksemd med utsleppsløyve**

Vi viser til omtalen under kontrollen, og vedtak om utsleppsløyve datert 6.1.12. Plasseringa av verksemda i risikoklasse 3 vil seie at verksemda etter gjeldande sats 3 i § 39-6 i ureiningsforskrifta skal betale eit gebyr på kr. 12 000,- til staten for den gjennomførte kontrollen. Miljødirektoratet vil seinare sende ut faktura for innbetaling til statskassa.

### **5. Offentlegheit av rapport**

Rapporten vil verte tilgjengeleg for innsyn via Fylkesmannen sitt elektroniske arkiv, jf. offentlegheitslova.

### **6. Avvik**

Desse avvika vart påvist under kontrollen:

---

#### **Avvik 1 Mellomlagring av avfall fører til utslepp av lukt**

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet 6.1.2012 vilkår 5.1

#### **Kommentarar:**

Gjeldande løyve har ikkje direkte krav til luktnivå, men har føreset at det til vanleg ikkje skal vere avfall med nemnande luktpotensial. Etter fråsortering kan lagringstida for ordinært avfall vere opptil 12 månadar. Maksimal lagringstid føreset at verdien av avfallsmaterialet ikkje vert forringa, og at avfallet ikkje utviklar nemneverdig lukt.

Verksemnda har fått klage på lukt med karakter "typisk sur avfallslukt". Lukt er i periodar meir enn til nemnande sjenanse, og typisk under stille forhold med temperaturgradientar eller svak nordatrekk.

Verksemnda har på lager om lag 1 500 tonn avfall lagra ute, utan tak. Store delar av dette avfallet inneheld lett nedbrytbart organisk stoff (typisk sams avfall frå mindre næringsaktivitet). Slikt avfall har eit luktpotensiale når det vert utsett for nedbør eller varme. Avfallet er og utsett for skadedyr.

Verksemnda må i vesentleg grad endre handtering av avfall med eit lukt- og avrenningspotensial.

---

#### **Avvik 2 Blanda/ikkje sortert avfall vert mellomlagra i meir enn ei veke**

**Avvik frå:** Utsleppsløyvet 6.1.2012 vilkår 3.3

**Kommentarar:**

Ikkje-sortert avfall med luktpotensial vert lagra ved anlegget i meir enn ei veke. Gjeldande løyve har ikkje opna for at avfall som kan gje lukt kan mellomlagrast. Avfall med luktpotensial er særleg ikkje-sortert avfall med innhald av lett nedbrytbart organisk stoff, fuktig avfall med brunt papir, avfall som inneheld gips, og avfall med kloakkslam.

Fylkesmannen hadde ikkje sett føre seg at motteke avfall gjentekne gonger ville gje lukt til omgjevnadane då vilkåra til løyvet vart vedteke.

Verksemda må korte inn lagringstida for ikkje-sortert avfall med eit luktpotensial og bør vurdere mellomlagring under tak.

---

**Avvik 3      Verksemda har ikkje varsla Fylkesmannen om unormale driftsforhold**

**Avvik frå:**    Utsleppsløyvet 6.1.2012 vilkår 2.2

**Kommentarar:**

Ved revisjonen i 2011 var det høvesvis mindre mengder usortert avfall ute. Ved inspeksjonen 12.6.2014 vart det observert "store mengder restavfall på området" (merknad 4). De har seinare meldt at dette var rydda opp i og skuldast uføresette hendingar i nedstraumsavtalane dykkar.

Den 27.11.2014 var det igjen store mengder ikkje-sortert avfall lagra utandørs. Mykje av dette avfallet inneheld – som omtalt over, lett nedbrytbart organisk avfall. Verksemda har ikkje orientert Fylkesmannen om at dette er å sjå på som unormale tilhøve eller tilhøve som kan få uføresette følgjer. Likevel mottek vi fleire klagar på lukt og skadedyr frå nabolag og kommunen.

Verksemda skal på eige initiativ informere Fylkesmannen dersom nye, unormale driftsforhold skulle oppstå.

## 7. Andre tilhøve

### 7.1. Økonomisk garanti

Verksemda er i ferd med å skifte bank. Økonomisk garanti for sikring av handtering av farleg avfall vil verte skriven ut på ny til Fylkesmannen. Garantien vil vere i form av ubetinga påkravsgaranti – dersom partane ikkje finn annan garanti som gir minst like god sikring. Vi minner om at garantien må vere godkjent av Fylkesmannen før de kan halde fram med å ta imot farleg avfall på staden.

Fylkesmannen vil seinare gå gjennom storleik på sikra beløp – som orientert om. Verksemda kan kome med tilleggsopplysningar utanom denne prosessen.

### 7.2 Fusjonering

Fylkesmannen tar orientering om fusjonering av tre firma til etterretning

### 7.3 Drift av gjenbruksstasjonen for NOMIL

Fylkesmannen observerte at dei grunnleggjande forholda bak fleire av avvika for det lokale avfallsmottaket for Stryn kommune som TCG as driv etter avtale med NOMIL, framleis ikkje er retta.

Mottaket vert framleis berre drive av ein person – som såg ut til å løpe mellom betaling, rydding av feilplassert avfall og tilrettelegging. Mottaket tek i mot avfall frå eit høvesvis stort folketal. Det

har opent i kortare tid enn minimumstilråding i rettleiinga. I periodar kan det danne seg lang kø av avfallsleverandørar.

Mottaket er trangt, lite og trafikkfarleg. Når det er annan aktivitet ved TCG, kan ikkje bil med tilhengar køyre gjennom, og vert tvinga til å snu på mørkt, trangt område med til dels betydeleg trafikk. Aktiviteten er utilfredsstillande og utgjer ein trafikkfare. Vi har tidlegare observert mottaket under vinterforhold med mykje snø. Forholda er under slike forhold verre og trongare, men vinterstid er det likevel til vanleg mindre trafikk enn elles i året.

Etter vårt syn tilfredsstillar ikkje dette mottaket minimumskrav til forsvarleg handtering av farleg avfall. Observasjonane gir grunnlag for særskild oppfølgingstilsyn både på dette mottaket og alle dei andre mottaka som Nomil har ansvar for på vegner av eigarkommunane.

#### 7.4 Informasjon

Dykkar verksemd – til liks med tilsvarande verksemder, har framleis betydelege utfordringar med å kunne gje rett, tilpassa informasjon til kundar om rett handtering, sortering og deklarerering av avfall. Fylkesmannen har inntrykk av at mange kommunar gjer ein for svak innsats med å følgje opp fråsorteringskrav ved byggje- og anleggsaktivitet, og mange firma har ikkje tilstrekkeleg kontroll på fråsortering og handtering av eige avfall. I høve til Fylkesmannen sitt prioriterte tilsyn, er det særleg viktig at det farlege avfallet (avfalls om kan liv eller skade alvorleg helse eller miljø) og EE-avfallet vert handtert på rett måte.

Ved neste revisjon av utsleppsløyyvet vil informasjon til Fylkesmannen om dykkar informasjonsaktivitet og oppfølginga frå kundar verte nærare presisert – som omtalt i tilknytning til inspeksjonen.

#### 7.5 Overgang til ressursamfunnet

Fylkesmannen takkar for interessant meningsveksling og gjensidig informasjon om utviklinga til eit samfunn med betydeleg større krav til ressursutnytting av avfallet.